

Møtebok 3-24, Lykling sokneråd 6.03.24

Tid: kl 19:00 Stad: Lykling kyrkje

Rådsmedlem:

Roald Drønen, Silje E. Oldereide, Sissel S. Gåsland, Lillian Thorsen, Sverre Leon Larsen, Elisabeth H. Grønnevik

Fråverande: Hildegunn L. Stautland

Vara: Astri Sakseide

Saksliste:

Sak 12-24 Godkjenning av referat og innkalling

Ingen merknader.

Sak 13-24 Meldingar og skriv

Silje har fått referat og årsmelding frå Estlandskomitêen. Dette blir sendt ut på epost til alle rådsmedlemmane.

Sak 14-24 Venelag for Lykling kyrkje

Roald nemner at soknerådet ynskjer å oppretta eit venelag på gudstenesta, den 17.03. Om nokon er interessert, kan dei skriva seg opp på liste. Det blir kyrjekaffi etter gudstenesta.

Sak 15-24 Informasjon etter møte i samarbeidsforum

Silje var på dette første møte, der Trygve Leigland kalla inn leiar og nestleiar i alle sokneråda i kommunen. Det blir lagt opp til fire møter i året. Neste møter er 3. april. Viktig arbeid der ein blir kjent med dei andre sokneråda, og kan utveksla idear, erfaring og sjå på høve for samarbeid.

Sak 16-24 Førebuing til årsmøte 7. april

Sissel gjekk gjennom forslag til årsmelding og årsrekneskap som skal leggjast fram 7. april. Ingen merknader til forslaget.

Sak 17-24 Påskesong

Det blir påskesong med Øystein Lund Olafsen, den 24. mars i kyrkja. Sissel har funne fram forslag til salmar og Øystein er musikalsk ansvarleg.

Sak 18-24 Ymse

- Det er ynskje om ein kveld med bedehussongar/kjende salmar. Dette har vore arrangert før utan så mykje frammøte, men kan ev. vurderast på nytt til hausten.

- «Deltakande» gudsteneste
Ynskje om å arrangera gudsteneste der dei som kjem kan delta aktivt, t.d. gjennom å leggja ned bønnesteinar eller perler eller anna aktivitet som involverer dei som kjem. Dette må ein diskutera vidare på neste møte i soknerådet.
- Samråd
Silje har fått epost frå Roald om eit nettwebinar om Samråd. Silje sender ut til alle i soknerådet på epost.
- Ynskje om å arrangere temakveld i kyrkja
Sissel har fått ein førespurnad frå ei dame som heiter Martha Knapskog, som ynskjer å halde eit føredrag med arbeidstittel «Tidleg norsk kristentru». Knapskog har hovudfag i mellomalderhistorie, og har fordjupa seg i norsk kristentru og praksis frå kristninga og fram til ca 1200. Sissel tar kontakt med ho, og finn ein dato for temakveld hausten 2024.
- Kirkens Nødhjelp sin årlege fasteaksjon
Det er behov for fleire som kan gå med bøsser og som kan køyre. Alle høyrer med nokon dei kjenner, og melder tilbake til Sissel så snart råd er. Bøsseinnsamlinga er 19. mars.

Neste soknerådsmøte er 3.04.24 kl 1900 i Lykling kyrkje.